

Helsing frå ein deltids student i Malmø.

Ingrid Skolås Jankov.

Den 10 september startar kursen Rehabilitering inom handkirurgi. Utbildningen som är på avancerad nivå omfattar 15 hp och erbjuds vartannat år. År 2007 ges kursen för tredje gången och intresset har varit stort, 32 yrkesverksamma sjukgymnaster och arbetsterapeuter från Sverige, Norge, Danmark och Island deltar i utbildningen. Kursansvarig är professor Göran Lundborg från Gruppen för handkirurgisk forskning vid Institutionen för kliniska vetenskaper, Lunds universitet

<http://search.lu.se/search/lundsuniversitet/?i=sv&q=rehabilitering%20inom%20handkirurgi&BtnSearch=Sök>.

Ein av dei som deltek er underteikna (vi er tre norske).

Undervisinga foregår i Malmø i tilknytting til Universitetssjukehuset der, og det var tre 3-dagers samlingar i fjor haust og det skal vera 3 slike i vår. Det har vore forelesingar om ulike emne av både terapeutar og kirurgar. Legane har vore svenske, i stor grad knytta til sjukehuset i Malmø, medan terapeutane har vore både lokale, frå andre plassar i Sverige og frå andre stader i verden. Det betyr at engelsk har vore forelesingsspråk inni mellom, og då vi hadde ein skånsk lege som forelsar så vurderer eg å spørje om ikkje han og kunne gå over til engelsk!!! Men det gjekk bra – det har ikkje vore språkproblem.

Organiseringa er god – svensk presisjon.

Dette er spennande, nyttig og kan anbefalast.

Kursen syftar till att de studerande efter genomgången kurs har:

Fördjupade kunskaper avseende arbetsterapeutiska och sjukgymnastiska undersöknings-, interventions- och utvärderings-metoder inom handrehabilitering med återkoppling till aktuell begrepps- och teoribildning inom arbetsterapi/sjukgymnastik. Syftet med kursen är att fokusera på handrehabilitering som tvärprofessionellt ämnesområde och på aktuell forskning och utveckling inom området i ett evidensbaserat perspektiv.

På tidlegare kurs har det vore innlevering av ei oppgåve. Det er det ikkje no. Vi hadde anatomieksamen i desember, og elles har vi eit artikkelseminar på kvar samling. På førehand får vi utdelt nokre artiklar som vi skal lesa og sende inn ei vurdering av:

1. artikkelen frå eit vitenskapleg perspektiv og nivå av evidens.
2. praktisk nytteverdi for klinikken
3. artikkelen frå eit ergoterapeutisk eller fysioterapeutisk perspektiv.

Dese artikkelseminara har vore god trening i å lese artiklar og ikkje minst i å lesa detaljane kritisk.

Nyttig kunnskap har det gitt og. Ein av artiklane var om "figure-of-eight" måling av ødem, og eit prosjekt ved United States Army Institute of Surgical Research, Army Burn Center, Fort Sam Houston, Texas der reliabilitet og validitet av målingane vart undersøkt.

"The Reliability and Concurrent Validity of the Figure-of-Eight Method of Measuring Hand Edema in Patients with Burns" (W.S Dewey, Travis L. Hedman, Ted T. Chapman, Steven E. Wolf og John B. Holcomb), frå American Burn Assosiation 2007.

Dette fann eg interessant; det var ein enkel og praktisk måte å måle ødem på. Å måle med volumeter er for tungvindt til at det blir gjort i ein hektisk kvardag, og for enkelte

pasientar er det nyttig å bruke noko anna enn augemål og subjektiv opplevelse av hevelsen.

Derfor fann eg fram til nokre andre artiklar om temaet, og på bakgrunn av desse diskutera eg med kollegene mine og vi laga ein beskrivelse av metoden. Vi har øvd oss litt, men vi har ikkje testa det med tanke på å bruke det i forskning. Men som eit verktøy i evaluering og måling / re-måling av same pasient og terapeut syns eg det har vore brukbart.

Slik gjer vi det:

8-talls måling av ødem i hand.

(figure-of-eight-measure)

Utgangsstilling: pronert hand på bordet med ei lita pute el.l. under underarmen. Ved behov må utgangsstillinga tilpassast.

- Start dorsalt, distalt for proc styloideus ulna →
- be pas halde målebandsenden der →
- gå volart til proc styleoideus radii og passer distalt over til dorsalsida av handa til MCP5 →
- gå over til volarsida og legg målebåndet med den proksimale kanten i distale bøyefure →
- snu opp til dorsalsida ved MCP2 →
- fortsett over håndryggen til startpunktet ved proc styloideus ulna.

Andre artiklar om same tema:

”Figure-of-Eight Method of Measuring Hand Size: Reliability and Concurrent Validity” (Geraldine L. Pellecchia, Journal of Hand Therapy 2003).

” Reliability and Concurrent Validity of the Figure-of-Eight Method of Measuring Hand Size in Patient With Hand Pathology” (Reasearach Report Journal of Orthop Sports Phys Ther 2004)